

Innhald

Forord.....	9
Rettskriving og lydlære (ortografi og fonologi).....	11
Skrift og uttale, § 1–3.....	11
§ 1 Alfabetet og konsonantlydane.....	11
§ 2 Vokalteikn og vokallydar.....	15
§ 3 Andre teikn i og rundt teksten.....	22
Lydendingar og lydlover, § 4–13.....	26
§ 4 Konsonantgrupper.....	26
§ 5 Vokalgrupper.....	27
§ 6 Ordtrykk.....	28
§ 7 Stavingstypar.....	28
§ 8 Stavingstypar og endringar i vokallengde.....	30
§ 9 Sjeva-endringar.....	33
§ 10 Endringar i vokalklang.....	36
§ 11 Pausale former.....	39
§ 12 Konsonantendingar.....	39
§ 13 Gutturalane og ɣ.....	44
Orda (etymologi).....	46
§ 14 Ord og orddanning.....	46
§ 15 Nomenmønster.....	50
Bøyingslære (morfologi).....	55
Verbbøying, § 16–25.....	55
§ 16 Oversikt.....	55
§ 17 Verbstamme, kausativitet og diatese.....	56
§ 18 Subjektsaffiksa.....	57
§ 19 Stammemønstra.....	59
§ 20 Consecutivum.....	65
§ 21 Viljesformer av verbet.....	67
§ 22 Infinitte former av verbet (verbalnomina).....	70
§ 23 Regelmessig verbbøying.....	74
§ 24 Uregelmessige verb.....	79
§ 25 Samanfating: kjenneteikna på verbformene.....	105

Nomenbøying, § 26–31	105
§ 26 Oversikt	105
§ 27 Status	106
§ 28 Substantiv	107
§ 29 Adjektiv	109
§ 30 Uregelmessige nomen	110
§ 31 Sjeldne endingar	111
Pronomensuffiks, § 33–37.....	112
§ 33 Formene.....	112
§ 34 Verb med pronomensuffiks	115
§ 35 Nomen med pronomensuffiks	119
§ 36 Partiklar med pronomensuffiks	122
§ 37 «Energisk» suffiks.....	123
Setningslære (syntaks).....	125
Verbstammer og konjugasjonar, § 38–43	125
§ 38 Verbstammene.....	125
§ 39 Dei fire hovudkonjugasjonane	144
§ 40 Jussiv, kohortativ, imperativ	158
§ 41 Infinitiv constructus.....	162
§ 42 Infinitiv absolutus.....	166
§ 43 Partisipp.....	169
Andre bøyingskategoriar og nominale funksjonar, § 44–52	173
§ 44 Kjønn	173
§ 45 Tal.....	175
§ 46 Binding	179
§ 47 Retnings-ן (<i>kamets he-locale</i>)	182
§ 48 Substantiv som står til nomen	183
§ 49 Substantiv som står til verb	191
§ 50 Adjektiv	195
§ 51 Talord	197
§ 52 Pronomen og demonstrativ.....	200
Partiklar (funksjonsord), § 53–55.....	205
§ 53 Preposisjonar	206
§ 54 Konjunksjonar	220
§ 55 Partiklar med andre funksjonar	227
Frasar (oppbygging og funksjon), § 56–58	237
§ 56 Nomenfrasar	238
§ 57 Preposisjonsfrasar.....	248

§ 58	Verbfrasar	250
Setningar (oppbygging og typar), § 59–62.....		252
§ 59	Setningsledd	252
§ 60	Setningstypar	260
§ 61	Leddsetningar	261
§ 62	Andre hovudsetningar og ytringar	265
Tillegg 1	Utvalde paradigme	270
Paradigme 1:	regelmessige verb (§ 23a)	270
Paradigme 2:	I. guttural-verb (§ 24b1)	272
Paradigme 3:	II. guttural-verb (§ 24b2)	273
Paradigme 4:	III. guttural-verb (§ 24b3)	274
Paradigme 5:	א"ב-verb (§ 24c)	275
Paradigme 6:	opphavlege י"ב-verb (§ 24d)	276
Paradigme 7:	י"ב-verb (opphavlege י"ב; § 24e)	277
Paradigme 8:	י"ב-verb (§ 24f)	278
Paradigme 9:	ל"ב-verb (§ 24g)	279
Paradigme 10:	א"ל-verb (§ 24h)	280
Paradigme 11:	י"ע-verb (§ 24i)	282
Paradigme 12:	ע"ע-verb (§ 24j)	284
Paradigme 13:	nomenbøying (§ 28)	286
Paradigme 14:	grunntal (§ 51a)	287
Paradigme 15:	ordenstal (§ 51b)	288
Paradigme 16:	personlege pronomen (§ 33 og 52a)	289
Paradigme 17:	pronomensuffiks på verb (§ 34)	290
Paradigme 18:	pronomensuffiks på nomen (§ 35)	292
Paradigme 19:	pronomensuffiks på partiklar (§ 35)	293
Tillegg 2	Ordforklaringar	294
Tillegg 3	Sakregister	302
Tillegg 4	Register over hebraiske ord	307
Tillegg 5	Register over bibelstader	318
Litteratur	332

Forord

Like etter at eg begynte som hebraisklærer ved Menighetsfakultetet hausten 2000, vart eg oppmuntra av kollegaer til å gjere noko med læreboksituasjonen for bibelhebraisk. Det som var å få tak i på norsk, var enten forelda eller utilstrekkeleg. Dette arbeidet måtte eg utsette på grunn av eigne studium og revisjonsprosjektet til Det norske bibelselskap. Ikkje før i 2010 kunne eg endeleg starte med grammatikken.

Når ein skal undersøkje grammatikken til eit språk, kan ein spørje: «Kva meiner ein språkbrukar med funksjonsordet *X* (f.eks. *og*, *til* eller *ikkje*; i motsetning til innhaldsorda *HERREN*, *å seie* eller *son*) eller forma *Y* (preteritum, komparativ eller bunden)?» Men ein kan også spørje: «Korleis uttrykker ein språkbrukar den grammatiske eller logiske kategorien *Z* (fleirtal, vilkår eller futurum)?» Denne grammatikken tar for det meste utgangspunkt i det første spørsmålet. Funksjonsord, bøyingsformer og bestemte ordkombinasjonar danner utgangspunktet for gjennomgangen. Etter at teikna, lydane og ordstrukturane i språket er presentert (§§ 1–15), blir bøyingskategoriane introdusert og bøyingsformene presentert (§§ 16–37, sjå også tillegg 1: «Utvalde paradigme»). I siste del av grammatikken (§§ 38–63) står bruken av eller funksjonen til dei ulike bøyingsformene i fokus. Men her vil det andre spørsmålet av og til påverke framstillinga, f.eks. § 46a om ord med bunde innhald uavhengig av bunden form.

Målet for grammatikken er å hjelpe lesaren i gang med å arbeide med bibelhebraiske tekstar. Den er primært for nybegynnarar og prøver å vise korleis språket fungerer i bibeltekstane. Historiske og teoretiske perspektiv blir trekt inn berre i den grad dei har ein (forhåpentlegvis) pedagogisk funksjon. Eg har i tillegg fleire gonger bevisst utelate sjeldne former og fenomen. Denne grammatikken er altså ikkje tenkt som ei erstatning for dei større, framandspråklege referansegrammatikkane til f.eks. Kautzsch (Gesenius), Joüon-Muraoka og andre. Eg har likevel prøvd å gjere den såpass utførleg at den kan vere til nytte som eit oppslagsverk på norsk også etter endt grunnstudium.

Denne grammatikken er også avgrensa når det gjeld tekstutval. Eg har prøvd å hente eksempel først og fremst frå tekstane som teologistudentar og prestar møter i arbeidet sitt.

Der hebraisk tekst er omsett til norsk i denne grammatikken, er målet å gi att den hebraiske teksten så konkordant som råd. Det skal vere ei hjelp til å komme nærmare den hebraiske teksten. Slik sett prøver eg å bringe lesaren til teksten heller enn å bringe teksten til lesaren. Resultatet er ofte eit unaturleg, men likevel grammatisk, norsk språk. Omsettingane er då i utgangspunktet ikkje meint som forslag til korleis ein kan eller bør omsette teksten for norske lesarar i dag.

Fleire gonger i denne grammatikken blir hebraiske ord skrivne med norske bokstavar. Eg har prøvd å unngå eit komplisert transkripsjonssystem og heller forklare uttalen utifrå vanleg norsk rettskriving.

Ein stor takk til Anders Aschim, som har lese og kommentert manuskriptet, og Matthew P. Monger, som også har gitt verdifulle kommentarar.

Rettingar og forslag til forbetringar mottakast med takk!

Andrew Wergeland
andrew.wergeland@mf.no